

# E39 Heiane – Ådland/Nordre Tveita

## Føresegner til kommunedelplan

### 1. Føremål

#### 1.1. Føremål

Kommunedelplanen avklarar kva som skal vere framtidig trasé for E39, samt kva andre overordna prinsipp som skal ligge til grunn for vidare utvikling av E39 på strekninga mellom Heiane og Ådland/Nordre Tveita i Stord kommune.

### 2. Planlagt vegsystem

#### 2.1. Samferdslelinjer

Innanfor planområdet er det nytt samferdsleliner for fjernveg, samleveg, atkomstveg, gang/sykkelveg og turveg for å syne eksisterande og framtidig vegsystem. Dei delane av vegsystemet som har samanheng med løysinga for E39 er synt innanfor planområdet.

##### 2.1.1. Fjernveg

Linjesymbol for fjernveg syner framtidig trasé for E39 innanfor planområdet. I samsvar med normal for veg- og gateutforming skal vegen blant anna etablerast med fire felt, plansikte kryss, fysisk midtdeler og den skal vere utan avkjørsler.

Det er markert i plankarta kvar kryss skal plasserast på E39 med punktsymbol for dette. I dei tekniske teikningane som ligg ved planomtalet er kryssa synt som halve kløverbladkryss eller kombinasjon av trompetkryss og halvt kløverbladkryss, men endeleg val av krysstype og utforming av kryssa elles skal gjerast ved utarbeidning av reguleringsplan.

##### 2.1.2. Samleveg og atkomstveg

Linjesymbol for samleveg og atkomstveg syner framtidig lokalvegnett innanfor planområdet. Samlevegar er lokale vegar av ein lokal overordna karakter som knyter saman bustadområder, bydelar og liknande. Atkomstvegar er lokalvegar som skal gi atkomst til bustadar, fritidsaktivitetar, industri- og næringsområder og liknande.

Lokalvegnettet som er synt i plankarta viser både eksisterande lokalvegar som inngår i framtidig system, lokalvegar som skal byggast om for å tilpasse seg den nye europavegen og lokalvegar som er planlagt i andre planar innanfor planområdet.

Ved vidare utvikling av lokalvegnettet skal det særleg takast omsyn til trafikktryggleik og framkomst for mjuke trafikantar, men lokalvegnettet må også kunne handtere å verte nytt til omkjøring når E39 er stengt.

##### 2.1.3. Gang/sykkelveg

Linjesymbol for gang/sykkelveg syner framtidig gang- og sykkelvegnett innanfor planområdet.

Gang- og sykkelvegnettet som er synt i plankarta viser både eksisterande gang- og sykkelvegar/fortau som inngår i framtidig system, som skal byggast om for å tilpasse seg den nye europavegen og som er planlagt i andre planar innanfor planområdet.

I den vidare planlegginga av gang- og sykkelvegnettet er det viktig at det vert lagt vekt på å finne fram til løysingar som sikrar dei mjuke trafikantane gode vilkår. Spesielt gjeld dette løysingar som gjer sykkelen til eit så aktuelt transportmiddel som mogeleg til daglege gjeremål.

Der det er synt gang- og sykkelveganlegg langs eksisterande E39 i plankarta skal det fyrst i reguleringsplanlegginga fastsettast kva side av eksisterande veg ein skal ta vegutvidinga på. Blant anna må miljøomsyn vektleggast.

Det er ikkje synt gang- og sykkelveg langs E39 vestover frå Heiane i plankarta. Før ein fastset at framtidig gang- og sykkelveg skal gå her, må det vurderast om det gjerast ei vurdering av om dette er den riktige på lang sikt eller om andre traséalternativ er betre.

I kommunedelplankarta er det synt gang- og sykkelveg langs den nye delen av Fjellgardsvegen. I arbeid med reguleringsplan må dimensjonerande trafikkmengde for denne veglenka fastsettast for å kunne avgjere om det er i tråd med normal for veg- og gateutforming, og behov for, å etablere gang- og sykkelveg langs denne.

#### **2.1.4. Turveg**

Linjesymbol for turveg syner framtidig turvegnett innanfor planområdet.

Turvegnettet som er synt i plankarta viser både eksisterande turvegar som inngår i framtidig system, som skal byggast om for å tilpasse seg den nye europavegen og som er planlagt i andre planar innanfor planområdet.

### **2.2. Tilrettelegging for kollektivtransport**

Det leggast opp til at kollektivtransport (busstrafikk) avviklast blanda med anna køyrande trafikk.

#### **2.2.1. Av- og påstigning**

På E39 etablerast det haldeplassar for av- og påstigning i samband med kryssa. I vidare planlegging må det leggast særlig vekt på plassering og utforming av haldeplassane slik at bussrutene ikkje får unødig tidstap, samtidig som det vert lettvindt for passasjerane å ha overgang mellom bussruter eller buss og anna reisemiddel.

Langs lokalvegnettet byggast det vidare på eit system med haldeplassar langs vegane der det er behov for dette.

#### **2.2.2. Innfartsparkering**

I samband med kryssa på E39 skal det planleggast innfartsparkeringsplassar for bil og sykkel, slik at ein kan ta seg fram til desse på eiga hand, for så å nytte buss til resten av reisa si.

## **3. Omsynssoner**

### **3.1. Sone for bandlegging i påvente av vedtak av reguleringsplan**

Fram til det er vedteke reguleringsplan for nytt vegsystem, er det ikkje tillate med tiltak etter plan- og bygningsloven § 1–6 som kan vanskeleggjere planlegging eller utbygging av dette. Søknadar om tiltak innanfor bandleggingssona skal føreleggast Statens vegvesen for uttale, før løyve til tiltak eventuelt kan gjevast.

## **4. Generelle føresegner**

### **4.1. Krav om reguleringsplan**

Før ein kan gå i gang med utbygging av dei nye vegane i vegsystemet som er synt i plankartet, skal det føreligge reguleringsplan for desse.

### **4.2. Estetikk**

I vidare planlegging skal det veljast løysingar som gir eit veganlegg med gode estetiske kvalitetar. Særleg gjeld dette ved utforming og vegetasjons- eller materialval for vegen sine sideområde.

### **4.3. Generelle miljøomsyn**

I vidare planlegging skal det veljast løysingar som, innanfor valt planalternativ, avgrensar dei negative konsekvensane for ytre miljø, så langt dette er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg.

### **4.4. Krav om støyskjerming**

I arbeidet med reguleringsplan skal det gjennomførast støykartlegging i samsvar med retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442). Det skal gå fram av reguleringsplanen korleis ein vil sikre at grenseverdiene for støy vert overholdne. Der ein eventuelt kjem fram til at støyskjermar og -vollar er riktig tiltak, skal desse gå fram av reguleringsplankartet.

I tillegg til den støyskjerminga som er nemnd over, skal det i reguleringsplanarbeidet leggast opp til bruk av overskotsmassar langs ny E39 slik at ein avgrensar støyen frå den nye vegen si utbreiing, i den grad dette er teknisk mogeleg og økonomisk forsavarleg.

### **4.5. Handtering av masseoverskot**

I reguleringsplan skal det gjerast greie for korleis eit eventuelt masseoverskot frå veganlegget skal handterast. Sidan vegbygging er ei sentral årsak til nedbygging av dyrka mark, bør det særleg søkast løysingar for handtering av masseoverskotet slik at omfanget av dyrka mark aukar.

#### **4.6. Optimalisering av prissette konsekvensar**

I arbeidet med reguleringsplan må det arbeidast systematisk for å optimalisere dei prissette konsekvensane til prosjektet slik at nytten vert størst mogeleg til ein lågast mogeleg kostnad.

### **5. Særskilde miljøomsyn**

#### **5.1. Omsyn til hjortetrekk ved Heiane**

For alternativ 2, 4 og 5 skal det i vidare planlegging arbeidast med å sikre at grøntkorridor mellom ny E39 og Valvatnafeltet vert breiast mogeleg og får best mogeleg kvalitetar for å kunne vere ein god landskapsøkologisk korridor, og då særleg ein god trekkveg for hjort.

#### **5.2. Statleg sikra friluftsområde ved Ålandsvatnet**

I kommunedelplanen er det lagt opp til omdisponering av deler av det statleg sikra friluftsområdet ved Ålandsvatnet. Uansett kva alternativ som vert vedteke i planen skal det i vidare planlegging av prosjektet arbeidast med å avgrense omfanget av naudsynt omdisponering av dette området og det skal vurderast avbøtande tiltak for å begrense dei negative konsekvensane for dette området.

#### **5.3. Fattig boreonemoral regnskog**

I vidare planlegging og utbygging av prosjektet skal det, uansett kva alternativ som vert valt, viast omsyn til å avgrense dei negative konsekvensane for førekostane av fattig boreonemoral regnskog.

#### **5.4. Kryssing av utløpet til Ålandsvatnet**

Som del av utarbeiding av reguleringsplan for prosjektet skal det gjerast ei grundigare vurdering av konsekvensane med høvesvis fylling eller bru der E39 kryssar utløpet av Ålandsvatnet, før det kan takast endeleg stilling til val av løysing.

### **6. Avbøtande tiltak**

#### **6.1. Avbøtande tiltak for planalternativ 4**

For å bøte på dei negative konsekvensane som veg i dagen mellom Kollane og Lønningsåsen i alternativ 4 fører med seg for friluftsliv, skal følgjande avbøtande tiltak gjennomførast som del av utbygginga av E39 dersom alternativ 4 vert valt:

- Etablering av belysningsanlegg på eksisterande turvegar på desse strekningane:
  - Landålvatnet sør – Eventyrsogen – Landålvatnet nord
  - Eventyrskogen sør – Skiphaugsvatnet – Langelandsvegen
  - Røyrnedalen – nordsida av Røyrtjørna – Sagvågvegen v/ nedlagt bosspllass
- Etablering av ny turveg med belysningsanlegg mellom Røyrnedalen og Sagvågvegen vest for Moldfalleåsen.
- Oppgradering inkl. etablering av belysningsanlegg for eksisterande turveg mellom Eventyrskogen nord og austenden av Storavatnet.

#### **6.2. Krav om støyskjerming**

Dersom planalternativ 4 vert valt skal det i vidare arbeid med prosjektet leggast opp til støyskjerming langs E39 mellom tunnelar gjennom Kollane og Lønningsåsen for å avgrense støy i nærliggande naturområde.